

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2017

- Kunnskap for framtida.

www.hivolda.no

Frist for pensumlister våren 2018: 1. november

Ny frist for å legge inn pensumlister for våren 2018 er 1. november. Merk at dette er ein måned tidlegare enn før.

Parkeringsbøter neste?

Det er mykje uvettig parkering på høgskuleområdet. Særleg ille er det med villparkering i rundkøyringa utanfor Berte Kanutte-huset og ved studentbarnehagen. Det skaper problem for varetransport og bosshenting og for folk som bur i området. Det kan også bli skikkelig gale om utrykningsbilar blir stoppa av parkerte bilar. Politiet kjem truleg til å gjere inspeksjonar på høgskuleområdet om kort tid og då kan det vanke bøter. Elles er det som regel ledige parkeringsplassar både bak brakkene bak Ivar Aasen-huset og i Sjukehusvegen. Alle tilsette bør varsle studentar om dette slik at dei kan innrette seg med kompiskøyring og elles parkerer på rett plass.

Besøk frå politikarar

Høgskulen i Volda får framover i valkampen besøk frå fleire politikarar. Arbeidarpartiet kjem med to stortingsrepresentantar: Fredric Holen Bjørdal og Else May Botten 5. september. Høgskuleleiinga har eit nokså fast opplegg for slike besøk der dei tilreisande blir presenterte for utfordringar for høgskulen og ønskje om konkrete bidrag frå politikarar i form av fleire studieplassar, stipendiatstillingar og støtte i arbeidet med nybygg.

Pin til alle

Kontor for samfunnskontakt er i ferd med å tinge nye jakkemerke (pins). Dei kjem i staden for dei grønne jakkemerka som vi har hatt nokre år. Dei nye merka vil bli laga i tråd med den overordna grafiske profilen til høgskulen og alle tilsette vil få utdelt eitt merke. Det vil bli tinga så mange merke at også nye tilsette dei komande åra får utdelt merke.

Frå "velg Volda" til "val i Volda"

Våre studentar har valt Volda. No står nye val for døra – elle er alt i gang. Nye og gamle studentar er på plass på høgskulen må studentane i vekene framover velgje tillitsvalde, studentrepresentantar til fagutval og avdelingsråd og ei rekkje andre tillitsverv. Ta kontakt med Studenttinget i Volda om du er usikker på kva desse verva går ut på eller kva som er framgangsmåte i vala. Høgskulen treng studentar som ønskjer å gjere studiekvardagen betre.

Studiebarometeret opnar 26. oktober

Studentundersøkinga Studiebarometeret vil bli opna 26. oktober. Det er studentar på 2. år av bachelor og masterstudium som vil få invitasjon frå kvalitetsorganet NOKUT til å svare på spørsmål om si oppleving av studium og studiestad. Dei to siste åra har Høgskulen i Volda lege i landstoppen når det gjeld deltaking i Studiebarometeret og vi kan dermed vere nokså sikre på at resultatane frå NOKUT er truverdige. Resultatane frå NOKUT skal takast på alvor internt og brukast i kvalitetsarbeidet for at vi heile tida skal bli betre.

System for pensumlister kjem truleg i 2018

Gode og rette pensumlister til rett tid er ein viktig del av det faglege arbeidet ved høgskulen. I 2018 kjem Høgskulen i Volda truleg til å ta i bruk eit felles system for å utvikle, distribuere og evaluere pensumlister. Systemet heiter Leganto og har vorte tilrådd av Uninett og har vorte valt av mange UH-institusjonar. For fagfolk som skal arbeide med pensumlister skal Leganto gjere det lettare å hente inn

litteratur frå elektroniske kjelder som til dømes artikkeldatabasar som vi alt abonnerer på gjennom biblioteket. Biblioteksleiar Henriette Hafsaas Tsakos er kontaktperson i arbeidet med dette.

Henrik Kaarstad-huset: Dokumentasjon og utvikling

Ei arbeidsgruppe er i sving i år for å få betre estetisk skikk på Kaarstad-huset etter totalrenoveringa. Nesten 100 års historie i form av kunst, foto og andre ting er no i ferd med å bli dokumentert, og både fagfolk, drift, biblioteket og IT er dregne inn i arbeidet. Koordinator i gruppa er Karen Brønne (AKF). Dei andre medlemmene er Anne Øie, Brit Loven Ølnes, Per Vassbotn og Kari Hasle.

Seminar om studieportefølje 6. september

Høgskuleleiinga skal 6.september ha dagsseminar om strategisk arbeid med studieportefølje. På denne dagen vil blant anna analyseverktøyet SEFØ bli diskutert. SEFØ er ei forkorting for moment i evaluering av studieportefølje: Strategisk, Etterspurnad, Fagleg berekraft og Økonomisk berekraft. Fleire utdanningsinstitusjonar brukar modellen i sitt arbeid med studieporteføljen. Blant andre Høgskulen i Sør-Øst Noreg:

<https://www.usn.no/om-hsn/kvalitetssystemet/studieportefoljeutvikling/>

Universitetet i Tromsø har også evaluert sin studieportefølje blant anna ut frå SEFØ-modellen:

[https://uit.no/Content/516761/Gjennomgang%20av%20studieportef%C3%B8ljen%20-%20del%20%20\(masterutdanninger\).pdf](https://uit.no/Content/516761/Gjennomgang%20av%20studieportef%C3%B8ljen%20-%20del%20%20(masterutdanninger).pdf)

To (ny)norsk-disputasar i august

Både Stig Jarle Helset og Pernille Fiskerstrand har disputert ved Universitetet i Bergen. Begge har skrive både om og på nynorsk i sine avhandlingar - begge deler er sjeldsynt i Noreg men heilt i tråd med Høgskulen i Voldas tradisjonar og framtidsambisjonar. Vi gratulerer!

Nærare omtale av disputasen til Stig Helset:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5900&module=news>

Nærare omtale av disputasen til Pernille Fiskerstrand:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5902&module=news>

Nytt frå personalkontoret, første halvår 2017

Nytilsette: Per Henning Uppstad (professor II), Ellen Madssen Andenes (høgskulelektor), Niels Jørgen Andreasen (prosjektleder), Endre Brunstad (professor II), Ion Drew (professor II), Alexander Rande (rådgjevar), Rebekka Havnegjerde Maude (stipendiat), Anita Dyb Linge (stipendiat).

Har slutta: Marianne Hagelia, Stephen Walton, Jon-Arild Kvamme Sollid, Trudi Henrydotter Eikrem, Emmy Langøy, Anne Sofie Egset, Ragne Ørstavik Sørheim.

Endra stillingar og tilsettingsforhold: Idar Flo (opptrykk til førsteamanuensis), Bente Vatne (dosent), Ragnhild Paulsen Hamre (kontorsjef), Susanne Moen Ouff (høgskulelektor), Veronica Kvalen Pilskog (rådgjevar), Inger Strand (høgskulelærer), Randi Lyngbø Ottesen (høgskulelektor), Knut-Willy Sæther (opptrykk til professor).

Sunnmøre Kammermusikkfestival 3.-9. september

Kammermusikkfestivalen blir arrangert i tida 3. til 9. september med 14 konsertar og andre arrangement i Volda, Ørsta, Hareid, Sæbø og på Flø. Program for festivalen:

<http://www.kammermusikkfestival.no/>

Animation Volda 14.-17. september

Animasjonsfestivalen går i år 14.-17 september med tre fullpakka dagar med arrangement i Volda sentrum og på Høgskulen i Volda. Her er program for festivalen:

<http://www.animationvolda.com/>

Innlegg på rektorbloggen:

Postboks 500
6101 Volda
tlf. 70 07 50 00

Besøksadresse
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
hivolda.no

"Vaffelhjarte"-semesterstart i Volda? Men kvar liknar semesteropninga på "Lillyhammer" og "Harry Potter"?

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO i media:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende/presseklipp>

HVO-kalenderen næraste vekene:

- 25. aug. [Disputas: Pernille Fiskerstrand](#)
- 3. sep. [Sunnmøre kammermusikkfestival](#)
- 4. sep. [Førehandsrøysting til storting- og sametingsvalet](#)
- 6. sep. [Livbergingsprøve for skular og badevakter](#)
- 21. sep. [Styremøte 5/2017](#)
- 21. sep. [Forskingsdagane 2017: "Verdiar"](#)
- 27. sep. [Karrieredagane 2017](#)
- 26. okt. [Barnehagekonferansen i Møre og Romsdal, 2017](#)